



DELPROSJEKT 11: «POLITISK ORGANISASJON, LOKALDEMOKRATI OG INNBYGGJARMEDVERKNAD»

SAKSLISTE OG PROGRAM FOR MØTE 7.6.2017

Stad: Ålesund Rådhus, møterom 385/386 (3. etasje i lavblokka, over biblioteket)

Kl.14.00-14.15 **Godkjenning av sakslista og innkalling**

Kl.14.15-15.00 **Introduksjonsrunde**

Kva slags forventningar har dei einskilde deltakarane til prosjektet og kva er dei visktigaste utfordringane for det vidare arbeidet i høve til delprosjektets ansvarsområde?

Kl.15.00-15.30 **Lokaldemokrati i intensjonsavtalen**

Solberg gir ein kjapp gjennomgang av korleis lokaldemokratiet omtalast, og er forankra, i intensjonsavtalen, samt eit par ting å hugse på i arbeidet framover.

Kl.15.30-16.00 **Idemyldring om mandat og prosjektplan**

Delprosjektet må sjølv utvikle eit mandatforslag som kan vedtakast av fellesnemda. Det er laga ein mandatmal som delprosjekta byggjer på. Vi må fylje delprosjektet med eit mandat som varetek dei føringane om politisk organisasjon, lokaldemokrati og innbyggjarmedverknad som er beskriven i

Kl.15.30-16.30 **Oppsummering og planlegging av vidare arbeid**

Vel møtt!

Eventuelt fråfall til dette møte kan meldast til mads.solberg@alesund.kommune.no. Kvar representant må kalle inn sin eigen vara om nødvendig.

Referat frå møte i delprosjekt 11 (P2) – Politisk organisering, lokaldemokrati og innbyggjarmedverknad

Dato: 7.6.2017
Tid: 14:00 til 16.00
Møtleiar: Kari Grindvik
Stad: Ålesund
Deltakarar: Kari Grindvik, Olav Kjetil Sjøholt, Modolf Hareide, Åse Kristin Ask Bakke, Geir Stenseth, Øystein Tvedt, Kim André Breivik, Bente Glomset Vikhagen, Irene Kalstad Aase, Trine Otterlei, Mads Solberg

1. Velkommen og introduksjon

- Orientering om val av leiing: Kari Grindvik (V) er valt av arbeidsutvalet til å leie delprosjektet. Olav Kjetil Sjøholt (H) er nestleiar.

2. Introduksjonsrunde.

- Deltakarane orienterte om kva dei ynskja å oppnå gjennom delprosjektet, og kva slags forventningar dei har.

- Det blei innleiingsvis snakka om historikken bak deler av teksten i intensjonsavtalen (blant anna rapport for ei mogleg landkommune). Desse dokumenta er eit sentralt reiskap for vidare arbeid. Grindvik gjorde gruppa oppmerksom på at delar av avtalen blei formulert ut frå ynskjer fremma av kommunar som var med i innleiande dialog om regionkommunar, men som no har falt frå. Eit døme var dette med direkteval på representantar i kommunedelutvala. Ho påpeikte også at det er naudsynt at delprosjektet utnyttar det moglegheitsrommet som kommuneloven gir i arbeidet vidare, og at dersom det er opplagte svakheitlar i dei eksisterande formuleringane bør gruppa greie ut alternativ som kan framleggjast for fellesnemda. Delprosjektet må stå «fritt til å tenkje».

- Modolf Hareide påpeika at delprosjektet må få avklart frå styringsgruppa/fellesnemda i kva grad einskilde element i avtalen kan utgreiast gjennom arbeidet i P2.

- Øystein Tvedt bemerkte at direkteval til kommunedelutval vil være førande for korleis vi byggjer opp dei nærdemokratiske organa, og gruppa sitt mandat til å greie ut alternativ er difor av prinsipiell interesse, og må avklarast tidleg.

- Mandatet for prosjektet bør inn til koordinator Anne Berit Støyva Emblem før sommarferien. Delprosjektet må få på plass ei ROS-analyse – arbeid i fellesskap skal redusere risikoen for de negative konsekvensane av samanslåinga. Bente Glomset Vikhagen påpeika viktigheta av å variere arbeidsformene for å få gode diskusjonar og idear fram på bordet. Ho foreslo ei arbeidsøkt i neste møte der man går gjennom resultatmål og effektmål for prosjektet, samt ROS-analyse. Ut frå dette kan gruppa då utleie et mandat.

- I høve til intensjonsavtalen bør arbeidet leggjast opp omkring ei brei forståing av demokrati-omgrepet.
- P2 må også avklare grenseflatene til andre politisk leia delprosjekt, til dømes P1 Kultur og verdjar.
- Det blei foreslått å kartlegge dei ulike formane for innbyggjarinvolvering som allereie finnast i dei ulike kommunane. Her kan ein då samanlikne ulike alternativ og plukke det beste for nye Ålesund. I Skodje har dei til dømes eksperimenter med oppgåveutval på gang. Dette er ei ordning som har blitt utvikla i blant anna Danmark, og som vist seg lovande for det lokaldemokratiske arbeidet. Her kan ein lese meir om oppgåveutval frå Gentofte: <http://www.gentofte.dk/da/Indflydelse,-a,-politik/Kommunalbestyrelsen/S%C3%A5dan-arbejder-Kommunalbestyrelsen/Politisk-arbejdsform>.
- Gruppa drøfta behovet for eit løysningsorientert politisk system på lokalt nivå. Kommunelova frå 1992 etablerer sterkt skilje mellom administrasjon og politikk.
- Det blei spurd om kva som skal til for at fleire skal delta i beslutningsprosessar? Kan man løyse opp nokre av dei etablerte politiske rammene som har blitt danna i løpet av dei siste 50-åra?
- Olav Ketil Sjøholt påpeika viktigheita av at delprosjektet gir klare, konkrete råd til fellesnemda som ikkje kan misforståast.
- Geir Stenseth viste til at man i Ålesund har arbeidet hardt for å få tydeliggjort skiljet mellom politikk og administrasjon.
- Gruppa drøfta problemet med dårleg representasjon i det politiske arbeidet frå einskilde demografiske grupper (til dømes småbarnsforeldre).
- Øystein Tvedt trakk fram kommunedelutvala som heilt naudsynte for å lukkast godt med reformarbeidet. Informasjonsavtalen utgjør eit viktig informasjonsverktøy; utvalet må være samstemte om kva som står i avtalen (meininga i ordlyden) og så teste denne forståinga opp mot fellesnemda si forståing.
- Kim Andre Breivik understreka behovet for nytenking omkring lokaldemokrati og medverknad. Han påpeikte og fara ved å sementere gamle kommuneidentitetar gjennom kommunedelutval. Oppgåveutval er ei løysning som er i tråd med intensjonsavtalens fokus på nytenking.
- Modolf Hareide peika på at kommunestyra må ha ei aktiv rolle i utøving av politikken: det er naudsynt at befolkninga oppfattar medlemmane som *deira* representantar, jamfør synkande valdeltaking dei siste lokalvala.
- Irene Kalstad Aase minna på at dei formelle organisasjonsformane ikkje er tilstrekkeleg for å lukkast i arbeidet, men at val av arbeidsformar er vel så viktige. Ho peika også på den sentrale rolla politisk sekretariat har i avvikling av gode val.
- Helene Fjørtoft understreka at delprosjektet må ta sikte på å skape ei kommune for alle borgarane i alle dei fem kommunane.
- Trine Otterlei foreslo at vi bør undersøke nærare kva slags ordningar for nærdemokrati innbyggjarane ynskjer seg. Ho minna samstundes om utfordringa med at Haram står ovanfor eit tvangsvedtak, og at det byr på ekstra kompleksitet i arbeidet.

3. Orientering om lokaldemokratiet og medverknad i intensjonsavtalen.

- Demokratirådgjevar Mads Solberg orienterte om korleis lokaldemokratiet og medverknad er forankra i intensjonsavtalen, samt ting som må drøftast og avklarast i det vidare utgreiingsarbeidet (sjå vedlagte slides).

4. Veggen vidare

- Gruppa blei einige om å få til eit møte før ferien der vi får gjort ei kartlegging av resultatmål og effektmål, samt ei ROS-analyse. Vi tar sikte på å få til møte enten nest siste, elle siste veka i juni (med fare for at nokon må melde fråfall).